



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

## **Kunngjering – Høyring av framlegg til marint vernområde Jærkysten, Hå og Klepp kommunar, Rogaland**

Fylkesmannen i Rogaland kunngjer høyring av framlegg til marint verneområde Jærkysten, etter reglane § 43 i naturmangfaldloven og § 37 i forvaltningsloven. Oppretting av marine verneområde er heimla i § 39 i naturmangfaldlova av 2009.

Verneområdet inngår i arbeidet med nasjonal marin verneplan. Det utgjer ca. 142 km<sup>2</sup>, frå 5 meters djup ut til om lag 50 meter. Det strekkjer seg frå Sele og Revtangen i nord til Ognabukta i sør. Verneformålet er knytt til sjøareal og sjøbotn; med israndavsetningar, naturleg sedimenttransport og eit mangfald av økosystem og habitat med tilhøyrande dyre- og planteliv.

Høyringa er sendt ut i brev til lokale og sentrale høyringspartar. Høyringsdokument, framlegg til vernekart og verneforskrift, samt oppstartsmelding og innspel til denne, finn ein på <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/> - Miljø og klima/Høyringar. **Frist for uttale er sett til 20. mars 2015**

Dokumenta er også lagt ut til offentleg ettersyn hjå Fylkesmannen i Rogaland, Lagårdsveien 44, Stavanger.

Spørsmål kan rettast til P. K. Austbø, Fylkesmannen i Rogaland, tlf. 51568910 eller 92288785, eller pr epost: [fmropka@fylkesmannen.no](mailto:fmropka@fylkesmannen.no).



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 17.12.2014

Vår ref.: 2013/10467

Arkivnr.: 432.1

Adresseliste

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Samla lokal og sentral høyring av framlegg til marint verneområde på Jærkysten, i kommunane Hå og Klepp, Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland sender med dette ut lokal og sentral høyring av framlegg til marint verneområde på Jærkysten. Området utgjør ca. 142 km<sup>2</sup>, frå 5 meters djup ut til om lag 50 meter. Det strekkjer seg frå Sele og Revtingen i nord til Ognabukta i sør. Dels overlappar dette Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredningar. Verneformålet er knytt til sjøareal og sjøbotn; med israndavsetningar, naturleg sedimenttransport og eit mangfald av økosystem og habitat med tilhøyrande dyre- og planteliv.

Fylkesmannen i Rogaland sender med dette ut lokal og sentral høyring av framlegg til marint verneområde Jærkysten, jamfør § 43 (høyring av framlegg til verneforskrift) i naturmangfaldlova, og § 37 (utgreiingsplikt, førehandsvarsling) i forvaltningslova.

Oppretting av marine verneområde er heimla i § 39 i naturmangfaldlova av 2009.

Som ledd i arbeidet med nasjonal marin verneplan, gjorde me kjent oppstart av planarbeidet for *Jærkysten marint verneområde* i brev av 10.09.2009. Meldinga vart og kunngjort i lokal presse og det vart halde lokalt oppstarts- og informasjonsmøte. I brev av 11.04.2014 frå Miljødirektoratet fekk Fylkesmannen i oppdrag å vidareføre arbeidet med utarbeiding av høyringsutkast for Jærkysten. Nytt informasjonsmøte vart gjennomført 20.06.2014. Etter fagleg gjennomgang i Miljødirektoratet er Fylkesmannen bedt om å sende framlegget ut på samla sentral og lokal høyring.

Høyringsdokument, framlegg til vernekart og verneforskrift, samt oppstartsmelding og innspel til denne, finn ein på <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/> - Miljø og klima/Høyringar.

Dokumenta er også lagt ut til offentleg ettersyn hjå Fylkesmannen i Rogaland, Lagårdsveien 44, Stavanger. Vernet vert også kunngjort i lokal presse og Norsk Lysningsblad. Ta kontakt om de ynskjer dokumenta tilsendt.

Spørsmål kan rettast til Fylkesmannen i Rogaland, tlf. 51568910 eller 92288785, eller pr epost: [fmropka@fylkesmannen.no](mailto:fmropka@fylkesmannen.no).

Me ser fram til å få dykkar innspel og merknader. Desse skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 Sentrum, 4001 Stavanger, eller elektronisk til [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

**Frist for uttale er sett til 20. mars 2015.**

I etterkant av høyringa vil Fylkesmannen sende oppsummering av høyringsuttalar og vår tilråding til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil deretter sende tilråding til Klima- og miljødepartementet. Endeleg vedtak om vern vert fatta ved kongeleg resolusjon.

Med helsing

May Britt Jensen  
Fylkesmiljøvernssjef

Per Kristian Austbø  
Ass. fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Per Kristian Austbø  
Saksbehandlar telefon:  
E-post: fmropka@fylkesmannen.no

Vedlegg:

- Adresseliste høyringspartar

Kopi til:  
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM



## Høyringsdokument - Jærkysten marint verneområde, Rogaland

### Bakgrunn

Jærkysten er eit av 36 kandidatområder for marint vern som blei utpekt i tilråding frå Rådgivande utvalg for marin verneplan. Utvalet var bredt samansett og blei nedsett av Miljøverndepartementet i samråd med Fiskeri- og kystdepartementet (den gong Fiskeridepartementet) og Olje- og energidepartementet i 2001. Utvalet ga si endelige tilråding i 2004. Utvalet vurderte at de 36 områda til saman representerte eit godt og balansert utval av undersjøisk natur frå kysten og skjærgarden. Ved utvelging blei særdrag og representativitet sett i høve til regionar og kyststrekningar vektlagt. Det blei også vektlagt at områda skulle vera lite påvirka og kunne tene som referanseområder for forskning og overvaking.

Utvalet delte områda inn i 6 kategoriar. Jærkysten blei plassert i kategori 5 – Åpne kystlandskap. Utvalet valde derimot ikkje å prioritere alternativet *Transekt frå Jærstrendene*, eit mykje større område utover Norskerenna og ut på Nordsjøplatået. Dette grunna i stort potensiale for konflikt og konsekvensar for fiskerinæringa spesielt, samt truleg reduserte verneverdiar som følgje av mellom anna langvarig botntråling.

Utvalet grunngjev sin prioritering av Jærkysten med at området utgjer ei brei og grunn randsone til 50 m djup utanfor Jærstrendene. Dette er ein spesiell geologisk formasjon forma av istider og det dynamiske samspelet mellom sjø og land. I norsk samanheng er dette ein særeigen undersjøisk natur; utan inngrep eller botntråling.

### Areal, geografisk plassering og avgrensing

Det planlagde området har eit areal på ca. 142 km<sup>2</sup>, og strekk seg frå Sele og Revtangen i nord, til og med Ognabukta i sør, frå 5 meters djup ut til om lag 50 meter (fig. 1 framlegg til kartavgrensing). Området ligg i kommunane Klepp og Hå i Rogaland fylke.

### Overlappande eksisterande vern

#### Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredningar og naturminne

Større delar av det marine verneområdet overlappar med eksisterande Jærstrendene verneområde. Dette fekk revidert vern ved kronprinsregentens resolusjon av 12.12. 2003. Føremål med landskapsvernet er å ta vare på det eigenarta natur- og kulturlandskapet

med sine særmerkte strandtypar og dei geologiske, botaniske, zoologiske og kulturhistoriske elementa som medverkar til særpreget.


Generelt går landskapsvernområdet ut til 5 m djup, men ut til om lag 20 m djup i dei to del-områda frå Feistein i nord til Obrestad hamn i sør, samt sjøområdet Kvasseheim – Ognå i sør (sjå fig. 1). I desse to del-områda er «sjøareal og undersjøisk landskap» verna mot alle typar inngrep og tiltak som vesentleg kan endre eller innverke på landskapet sin art eller karakter. Framlegg til marint vern følgjer tilsvarande 5 m djubde-kote mot land, og inkluderer dei to nemnte del-områda vidare utover til 50 m djup.

Likeså inkluderer det marine vernet dei delane av 5 fuglefredningsområde (også desse i Jærestrendene verneområde) som går ut i sjø utover 5 m djup. Desse 5 biotopvernområda har samstundes internasjonal vernestatus etter Ramsar-konvensjonen (*Jæren våtmarkssystem*).

### **«Nasjonal laksefjord». Verna vassdrag**

Gjennom St. prp. 32 (2006-2007) er også området Jæren-Dalane oppretta som «nasjonal laksefjord» etter vedtak av 15.05.2007. Føremålet med vernet er å gje eit utval av dei viktigaste laksebestandane i landet eit særleg vern mot inngrep og aktivitetar i vassdraget og dei nærliggande kystområda.

Det er dessutan fleire viktige lakseførande vassdrag som munnar ut i det planlagde marine verneområdet. Fire av desse er verna vassdrag; Figgjo-elva, Orre-elva, Hå-elva og Fuglestadåna.



Figur 1: Planområdet for Jærkysten marint verneområde

## Verneverdiar og verneføremål

På landsbasis er føremålet med planen å ta vare på marine naturverdiar og marine økosystem. Områda skal såleis dekke variasjonsbreidda i norsk marin natur. Verneføremålet for dei opne kystområda knytter seg til å ta vare på mangfaldet av naturtypar som er representative for ulike kystområde, men som også inneheld særeigne kvalitetar.

Jærkysten representerer ei overgangssone mellom Skagerrak subprovins og Vestnorsk subprovins.

### Særeigen grunnvassokkel

Det foreslåtte marine verneområdet dekker store delar av grunnvassokkelen utanfor Jærstrendene (sjå djubde-fargar på fig. 1). Sokkelen er ein særprega landskapsform med store grunne parti langt ut frå land, med botn av vekslande sand, berg og rullestein/blokkmark. Sørlege og nordlege delar av det planlagde verneområdet består av mykje sandbotn. I midtpartiet frå Obrestad til Kvassheim er det derimot dominerande botnmorene med rullestein/blokkmarksbotn.

Generelt sett er det tale om mektige lausmasseavsetningar på sokkelen. Denne er breiast i nord og sør utanfor sandstrendene ved Jærens Rev og i Ognabukta, der 50 meters koten går opptil 5-7 km frå land. Frå sokkelbremmen skrånar det bratt ned til ca. 200 m og vidare meir jamnt ned mot Norskerenna i vest.

Området er sterkt eksponert og prega av stor fysisk dynamikk ved bølger og straum. Ikkje minst i dei sørlege og nordlege sandbotn-områda fører stormbølger og straumar til jamnlege enorme masseforflytningar, som igjen står i naturleg økosystem-dynamikk med akkumulasjon og erosjon i sanddynesystem på land.

### Geologiske verdiar

Den såkalla Listamoren er eit mektig endemorenesystem, avsett av innlandsisen i sluttfasen av siste istid, og såleis av stor vitskapeleg verdi. Listamoren følgjer langsetter heile det marine verneområdet; submarint i nordre og sørlege delar, langs land i midtre delar. Dei mektige rullesteins- og blokkmarkavsetningane både på botn og langs strendene er framvaska frå denne endemoren, likeså mykje av sanden på sandbotn. Jæren og Jærkysten med Listamoren representerer kvartærgeologisk samla sett eit modellområde med stor verdi for forståinga av nasjonale istidssuksesjonar.

Det marine verneområdet og overgangssona sjø/land har også spesiell geologisk interesse som grense mellom grunnfjell (land) og bevarte tertiære/mesozoiske sedimentære bergartar (havbotn).

### Biologiske verdiar

Det grunne og lysopne sjøområdet, med sterkt vekslande botntilhøve og sjø og straum, gir grunnlag for stor variasjon innan økosystem og habitat. Det er såleis tale om eit høgproduktivt og krevjande miljø for en spesialisert marin flora og fauna.

Botnområde med berg og steinblokker har store førekomstar av stortare ned til ca. 25 m djup, i seg sjølve eit særst rikt økosystem med nasjonalt uvanleg høgt biologisk mangfald. Det er observert opp til 300 artar av alger og dyr i tareskogen, og ei enkelt stortareplante kan ha over 80 000 individ knytt til seg.

Samstundes utgjer livet i tareskogen ein særst viktig matsøk-biotop for det store talet på sjøfugl under vinteropphald og trekkperiodar, mange av dei sårbare og truga (jfr. Ramsar-verdiar). Rotnande driv-tare på strendene har tilsvarende avgjerande verdi som matfat under trekket for vadefugl og andre fugleartar. Det planlagde verneområde inngår såleis i det store våtmarks-økosystemet *Jæren våtmarkssystem* (Ramsar), mellom det freda øyriket i nordvest, via kystområda til våtmarkene på Jæren-sletta.

I følgje Fiskeridirektoratet (pers. med. Kari Grundvig) er Jærkysten gyte-, innsig- og/eller distribusjonsområde for artar som nordsjøtors, øyepål (sypike), sei (1-3 år), knurr, tobis, hyse og nordsjøsil og NVG-sild, makrell, og flatfisk som raudspette, sandflyndre og gapeflyndre. Blautbotnparti i dei djupare områda i vest er også gyteområde for reker og sjøkreps. Hardbotn- og rullesteinsområda inn mot kysten vert også rekna som gyteoppvekst- og distribusjonsområde for hummar og krabbe.

### **Referanseområde**

I det planlagde verna området er det i dag ingen restriksjonar etter naturmangfaldlova for taretråling, med unntak av eit område utanfor Revtingen ut til ca. 20 m djup (verneforskrift for Jærstrendene landskapsvernområde, sjå kart fig. 1). Dette del-området er tilrådd som referanseområde for tare i marin verneplan (Regionalt utval-rapport 2003).

Referanseområdet vil kunne eigna seg som grunnlag for å samanlikna status og utvikling i områder med og utan taretråling, men også overvaking av klimaendringar, introduksjon av artar, forureining og anna påverknad. Tareskogen i det aktuelle referanseområde vert vitskapleg overvaka av Havforskningsinstituttet.

**Det vil ut frå desse verdiane vere eit verneformål for Jærkysten marine verneområde å beskytte sjøareal og sjøbotn; med israndavsetningar, naturleg sedimenttransport, mangfald av økosystem og habitat, med tilhøyrande dyre- og planteliv.**

Sjøareal inngår i verneformålet grunna spesielt i verdien for opphald, matsøk og trekk for store mengde fugl.

### **Kulturminne**

Området har marine kulturminneverdiar i form av et stort tal skipsvrak tilbake til forhistorisk tid. Kysten er såleis også kjend for si redningshistorie. Talet av fornminne på landsida er nasjonalt høgt. Desse spenner frå tidlig steinalder, via bronsealder, jernalder og vikingtid til reformasjonen, samt ei rekke yngre kulturminne som freda Obrestad hamn og Obrestad fyr. Dei eldste fornminna ligg i dag truleg under havnivå i den nære kystsonen.



## **Brukarinteresser**

### **Taretråling**

Taretråling har foregått over mange ti-år i Rogaland; dei seinare år med om lag 10 000 tonn pr. år (ref: FMC Biopolymer), men med mykje større kvanta tidlegare år. Nokre av dei beste trålefelte i Rogaland ligg i det planlagde verneområdet. Det er for tida 1 taretrålar i Rogaland. Området er viktig for tarenæringa på grunn av den relativt korte avstanden til alginatfabrikken i Haugesund.

### **Fiske**

Det vert synt til beskriving av verneverdiar ovanfor, om området sin verdi for fisk og skaldyr.

Ifølgje Fiskeridirektoratet er det pr. juni 2014 registrert fire yrkesfiskarar innanfor det aktuelle verneområdet; 1 heiltidsfiskar og 3 deltidfiskarar. Gjennomsnittleg fartøylengde er 8,5 meter og alle fartøya deltar i opne fiskeri som ikkje krev deltakar-tilgang, dvs. stort sett fiske med ruser og teiner etter skaldyr (hummar og krabbe).

I Sirevåg, som grensar til området i sør, er det registrert 8 fartøy, med 5 deltidfiskarar og 3 heiltidsfiskarar som venteleg nyttar aktuelt verneområde. Gjennomsnittleg lengde er 9,0 meter og disse fartøya deltek i same type fiskeri, dvs. fiske med garn, ruser og teiner etter skaldyr (hummar og krabbe).

Det er altså tale om eit lite tal små kystfartøy, utan spesielle rettar, og som i hovudsak driv deltidfiske for lokal omsetning.

Rekreasjons-, turistfiske og fritidsfiske regnast som avgrensa, i skrivande stund.

### **Akvakultur/Havbeite**

Det er ingen anlegg eller kjende planar for akvakultur i det sterkt eksponerte planlagde verneområdet per dags dato. Området har elles status som «nasjonal laksefjord» og vil såleis allereie ha begrensingar på akvakultur av laks og aure. Likevel tilseier den raske utviklinga i næringa at ulike typar akvakultur og havbeite kan bli aktuell. Eventuelle framtidige søknader vil måtte vurderast etter § 48 i naturmangfaldloven, jfr. § 6 i framlegg til forskrift for Jærkysten.

### **Reiseliv og friluftsliv**

Jærstrendene er blant de viktigaste friluftsområda i heile Rogaland og Noreg, med omkring 500 000 besøkande kvart år. Det tilgrensande Jærkysten verneområde har naturleg nok stor verdi som ein del av landskapsrommet og opplevingskvalitetane.

### **Skipstrafikk og farleier**

Om lag 8 km vest-nordvest av Feistein (utanfor verneområdet), ligg Karlssmedgrunnen, som er ankringsplass for større skip.

Ut frå Kystverket sine opplysningar går det fram at det er ei hovedlei på utsida av det planlagde marine verneområdet, med unntak av lengst i nordvest der leia kjem noko

innanfor. I tillegg er det ei bi-lei inn til Sirevåg, som vert nytta fyrst og fremst av fiskefartøy inn til fiskerihavna her.

### **Forsvaret**

Forsvaret har skyte- og øvingsfelt som delvis overlappar nordlegaste del av det foreslåtte verneområdet utanfor Vigdel (feltnavn "END 257 Vigdel II" og "END 258 Vigdel III"). Felta blir disponert av Sjøforsvaret. Ei vurdering av eventuelle konflikter mellom Forsvarets verksemd og verneinteresser må avklarast nærare i den vidare planprosessen.

### **Masseuttak av sand og grus**

I lys av dei knappe, tilgjengelege ressursane av sand og grus på land, kan delar av dei undersjøiske førekomstane i området i utgangspunktet tenkast å vera av framtidig økonomisk interesse.

### **Inngrep og påverknad**

Det er i dag ingen vesentlege og permanente inngrep i det aktuelle marine verneområdet; utover enkelte botnlagde avlaupsrøyr frå kommunale/interkommunale reinseanlegg.

På grunn av tilførsel frå den nordgåande kyststraumen frå Skagerrak, er området etter måten høgt belasta med omsyn til både næringssalt og miljøgifter, men trenden er nedgåande. Det ser derimot ut til at lokal tilførsel av næringssalt gjennom areal-avrenning og tilførsel via elvene nå har en etter måten større betydning (NIVA-rapport 5512-2007), ikkje minst frå dei intensive jordbruksområda på Låg-Jæren (IRIS-rapport 2008/028). I tillegg er det utslepp av næringssalt frå nemnte kommunale avlaup.

### **Nærmare om forslag til forskrift**

**§ 1:** Beskriv føremålet med vernet. Jærkysten eit særeigent område med store grunne parti med sand- og steinbotn. Området er prega av stor fysisk dynamikk pga. bølger og straum, og utgjer eit høgproduktivt og krevande miljø for ein spesialisert fauna og flora. Verneføremålet knyttar seg til sjøbotn og sjøoverflata.

**§ 2:** Gir opplysningar om området størrelse og avgrensning, samt kart.

**§ 3:** Omhandlar kva verneføresegnar (restriksjonar) som gjeld i området. Føresegnene omfattar vern av vegetasjon og dyreliv mot skade og ødelegging, samt vern av området mot tiltak som kan endra naturmiljøet.

**§ 4:** Omhandlar generelle unntak frå verneføresegnene, dvs. tiltak/aktivitetar som er tillatt utan at det er naudsynt å søke om løyve. Dette omfattar mellom anna fiske og anna hausting, fangst, jakt, vedlikehald, ferdsle med båt eller andre fartøy, herunder fortøying mot land, og drift av eksisterande anlegg og innretningar når det ikkje medfører vesentlege følgjer for verneformålet.

**§ 5:** Omhandlar tiltak/aktivitetar som kan tillatas etter søknad. Dette omfattar innretningar for navigasjonsvegledning og legging av kablar og røyrledningar, oppgradering/fornyng av sjøkablar som ikkje fell inn under § 4, og tiltak som inneber små inngrep på botn og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane nemneverdig.

**§ 6:** Omhandlar generelle dispensasjonsreglar. Desse reglane inngår i naturmangfaldloven § 48, og er tatt med i forskrifta som informasjon.

**§ 7:** Omhandlar iverksetting av tiltak for å oppretthalde eller oppnå ønska tilstand i samsvar med verneføremålet. Heimel for skjøtselstiltak inngår i naturmangfaldloven § 47, og er teken med i forskrifta som informasjon.

**§ 8:** Gir føresegner om utarbeidelse av forvaltningsplan for verneområdet.

**§ 9:** Gir føresegn om fastsettelse av forvaltningsmyndighet.





**§ 10** Gir føresegn om at det kan opprettast rådgivande utval for området.

**§ 11:** Gir tidspunkt for ikrafttredelse av forskrifta.

# Jærkysten marine verneområde

Klepp og Hå kommunar, Rogaland

## Høyringsframlegg

-  Referanseområde
-  Marint verneområde
-  Eksisterande verneområde
-  ROG\_Kommuner\_N50

Målestokk 1:200 000

Ekvidistanse 5m


0 2 050 4 100 8 200 meter



Datum: EUREF 89, sone 32N  
Kartgrunnlag FKB data  
Kartproduksjon: Fylkesmannen i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, desember 2014

Oversiktskart, Rogaland fylke



Jærkysten  
marine verneområde

Kobbesteinane

# **Framlegg til forskrift om vern av Jærkysten marine verneområde i Klepp og Hå kommunar, Rogaland fylke**

Fastsett ved kongelig resolusjon ..... med heimel i lov 19. juni 2009 nr.100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldloven) § 34 jf. § 39 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

## **§ 1 Føremål**

Føremålet med Jærkysten marine verneområde er å ta vare på eit område som representerer ein bestemt type natur, inneheld trua, sjeldsynt og sårbar natur, og som har særskilt naturvitskapleg verdi. Hovedmålet er å ta vare på verneverdiane utan større grad av ytre påverknad. Området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking.

Området omfattar ein særprega og representativ grunnvassokkel, eit system av israndavsetningar, biologisk rike stortareførekomstar, stor spennvidde i sterkt eksponerte og skiftande økosystem og habitat, og omfattande naturleg flytting av sand, grus og rullestein i dynamikk med Jærstrendene. Området har stor verdi for opphald, matsøk og trekk for store mengde fugl.

Verneføremålet knyter seg til sjøoverflata og sjøbotn.

## **§ 2 Geografisk avgrensing**

Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på 142 km<sup>2</sup> med grense mot land langs djuptekote 5 m under sjøkartnull. Verneområdet omfattar sjøoverflata og sjøbotn.

Grensene for det marine verneområdet går fram av kart i målestokk 1:..... datert Klima- og miljødepartementet ..... Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Klepp og Hå kommunar, hjå Fylkesmannen i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

## **§ 3 Verneføresegner**

I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som direkte eller indirekte kan skade verneverdiane i verneføremålet.

I det marine verneområdet gjeld følgjande verneføresegner:

1. Vegetasjonen, herunder tang, tare og andre marine planter, er verna mot ein kvar form for skade og øydelegging. Det er forbod mot å fjerne vegetasjon frå verneområdet. Planting av vegetasjon er forbode.
2. Dyrelivet knytt til sjøbotn er verna mot skade og øydelegging. Utsetting av organismar er forbode.
3. Området er verna mot tiltak som til dømes etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotn, andre varige eller

mellombelse innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, konsentrerte forureiningstilførselar, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.

#### **§ 4 Generelle unntak fra verneføresegnene**

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, oljevern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvings-verksemd.
2. Hausting av viltlevande marine ressursar i samsvar med havressursloven og anna gjeldande lovverk, med unntak for hausting av vegetasjon, herunder tang, tare og andre marine planter i referanseområde taeskog.
3. Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskloven.
4. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
5. Ferdsle med båt eller andre fartøy, herunder oppankring mot land.
6. Drift og vedlikehold av eksisterende kloakkanlegg og andre anlegg og innretningar.

#### **§ 5 Spesifiserte dispensasjonsføresegner**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

1. Oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleiltak for å trygge ferdsle på sjøen.
2. Legging av kablar og røyrleidningar, i utvalde korridorar med varsame metodar.
3. Tiltak som medfører små inngrep på botn og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane nemneverdig.

#### **§ 6 Generelle dispensasjonsføresegner**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller om tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfaldloven § 48.

#### **§ 7 Skjøtsel**

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå naturtilstanden som er føremålet med vernet i samsvar med naturmangfaldloven § 47.

#### **§ 8 Forvaltningsplan**

Forvaltningsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltningsplan med nærmare retningsliner for forvaltning og skjøtsel av det marine verneområdet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærmare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

## **§ 9 Forvaltningsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskrifta.

## **§10 Rådgevende utvalg**

Det kan opprettas eit rådgevande utval for forvaltninga av verneområdet.

## **§ 11 Ikraftsetting**

Denne forskrifta trer i kraft straks.